



Portrettet av Sivert Kjærland er eit av dei beste i Hardeland-utstillinga, som også blir ope onsdag kveld. Her står (frå venstre) Audun Eik, Bjørgulv Eik og Borghild Eik Snuggerud med biletet. Sivert var oldefaren til Audun og Borghild og bestefaren til Bjørgulv. Han døydde i 1963, 96 år gamal. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Målaren og illustratøren Magnus Hardeland frå Fitjar (1905-1982) og folkeopplysningsmannen og diktaren Nikolai Frederik Severin Grundtvig frå Danmark (1783-1872) var i fokus under museumsdagen på Rød dette året.**

**Diverre kom berre i overkant av 30 for å oppleva det fine programmet, som for ein stor del vart avvikla utandørs.**



Sussi Brodin hadde eit fint Grundtvig-program. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Den uslitelege primus motor Kristian Bringedal var som vanleg sjølv organist på museets eige orgel under utegudstenesta som sokneprest Sven H. Nilsen heldt. Presten slog fast at å feira gudsteneste ute i eit gammalt tun gav mange assosiasjonar.

- At det var betre før er nærmast ei trusvedkjenning, men det hjelp oss lite, det er no vi skal leva våre liv, sa Nilsen.

Då han presenterte nesten 30 bilete av Magnus Hardeland sa Kristian Bringedal at det var eit naturleg val av årets kunstbar ettersom han mellom andre måla Margreta Dønhaug. Gjenstandane hennar danna grunnlaget for bygdetunet. Hardeland var målar og teiknar, men han var enda meir kjend som illustratør og hadde stor sans for heraldikk. Han teikna såleis mellom anna kommunevåpenet for Kvinnherad, som viser Mehlselva og Hattebergselva som tvinnar seg saman.

Dette var ein lang prosess. Hardeland starta arbeidet med våpenet i 1973, men han døydde før han var ferdig og utifrå dei strenge reglane måtte ein annan overta, Det vart Truls Nygård og han fullførte det i 1982.

Utstillinga, som også blir ope onsdag frå klokka 19 til 21, presenterer mellom anna portrett av fire kjente menn måla på hytta Mannsbu ved Mannsvatnet: Knut Markhus, Konrad Lunde, Ragnvald Vaage og Lars P. Haugland. Eit femte portrett, etter manges meinng er eitt av dei beste han har måla, er av Sivert Kjærland som sit på tråppa si med pipe og stokk på slutten av 1950-talet..



Styltegangen vart ingen suksess denne gongen, men Audun Eik prøvde seg....  
(Foto: Ola Matti Mathisen)

Bringedal trekte også mellom andre fram eit måleri av Haugland-gardane som var ei bryllupsgåve frå grannetuna Kjærland og Haugland til brudeparet Aslaug og Sverre Omvik. Og han viste til eit måleri av Gravdals Skipsbyggeri som verdfull historisk dokumentasjon. I utstillinga inngår også to døme på Hardeland sine evner som illustratør - forsidene på to lokale julehefte. Og så inngår Husnes Mannskor si fane – med eit panorama over Opsangervatnet som sentralt motiv. Hardeland vart tilkalla og måla på oppdrag, for nærings skuld, konkluderte Bringedal.

Styltedysten som er eit fast innslag i museumsdagen, var ingen suksess denne gongen. Det var venta at sokneprest i ytre luten Jan Ove Totland skulle møta fram for å gjenta suksessen frå i fjor og sikra seg aksje nummer to i vandrepokalen. Men han kom ikkje.

Det gjorde derimot songaren Sussi Bodin, med bassist Leif Kjelelsvik som støttespelar, i eit tre kvarter langt program som ho hadde kalla "Grundtvig og den danske folkesjela" teikna ho med ord og tonar eit spanande og vart portrett av den danske presten, diktaren og folkeopplysningsmannen som etter kvart kom til å stå også den norske folkesjela nær.

Han hadde ein nesten utruleg produksjon med rundt 1.600 salmar og songar. Men aller mest kjent er han som folkeopplysar og skapar av folkehøgskulen. Sussi Brodin sitt utval av Grundtvig-songar gjorde sterkt inntrykk. Ikkje minst er hans songar til skaparverkets pris vakre og poetiske. Sussi streka under at Grundtvig har hatt mykje på bety for Danmark, mellom anna har han redusert danskanes angst for autoritetar.  
- Og i dag taler vi språket til Grundtvig, sa ho.

Ungdomslaget tok seg av matsalet.

Av Ola Matti Mathisen



Museumsdagen vart som tradisjonen tilseier opna med gudsteneste ute. (Foto: Ola Matti Mathisen)